

Plan og byggesak
 Are Frøysland Grande
 Postboks 4
 5906 FREKHAUG

Referansar:
 Dykkar: 22/8798
 Vår: 22/9087 - 23/6915

Sakshandsamar:
 Svein Arne Vågane
 svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
 26.01.2023

Fråsegn i høve søknad om frådelling etter jordlova § 12 på gbnr. 346/1 Åsebø.

Saka gjeld frådelling av ein fritidseigedom på gnr. 346, bnr. 1. Åsebø.

Fritidsbustaden var opphavelig hønsehus, men er nytta som hytte sidan om lag 1974.

I sak 79/2018 dagsett 16.10.2018 gav utval for drift og utvikling i dåverande Meland kommune dispensasjon frå LNF-føremålet for bruksending frå hønsehus til fritidsbustad. Dette vart fylgt opp med administrativt vedtak dagsett 11.09.2020 der løyve til bruksending til fritidsbustad vart fatta.

Parsellen ligg plassert i tunet på gnr. 346, bnr. 1 – sjå fig. 1-2 nedanfor.





Fig. 1 til venstre syner detaljplassering. Bustadhuset til høgre på andre sida av vegkrysset.

Fig. 2 ovanfor syner plassering i høve resten av eigedomen og nærleiken til gardstunet.

Parsellen ligg i nær tilknytning til tunet. Det er ein p-plass på andre sida av tilkomstvegen til parsellen som i dag vert nytta som oppstilling til campingvogner. Denne p-plassen er synt i fig. 1 med skravur på andre sida av vegen som går forbi parsellen og mot bnr. 7. P-plassen skal etter planen høyre til parsellen.

Det er tidlegare frådelt ei hyttetomt (bnr. 7) som har tilkomst gjennom tunet på bnr. 1 og forbi parsellen det no er søkt om å få dele i frå.

Vegen forbi parsellen og mot bnr. 7 kan gje tilkomst til skogsareal. Skal ein i framtida byggje veg her, må ein i så fall ta av vestover før ein kjem fram til bnr. 7.

Det er tidlegare òg frådelt nokre hyttetomtar (delvis utbygd) lenger inn på bnr. 1 som har tilkomst gjennom tunet på bnr. 1

Gnr. 346, bnr. 1 har slikt areal jf. gardskart:

Fulldyrka jord	11,3 daa
Overflatedyrka jord	12,1 daa
Innmarksbeite	5,6 daa
Produktiv skog	262,1 daa
Anna markslag	19,9 daa
Busetnad med meir	12,3 daa
Ikkje klassifisert	0,0 daa
Sum	323,4 daa

Noko av det mest inngripande og øydeleggjande for eit bruk er å dele frå ei tomt i eller i nær tilknytning til tunet som er driftssenteret på landbrukseigedomen. Om det er sjølvstendig drift på garden i dag eller ikkje, er meir underordna. Dette då det i framtida kan verte aktuelt med drift på eit slikt bruk. I Alver kommune har vi fleire døme på yngre personar som søker konsesjon og har planar/har alt gjennomført planar om å starte opp eiga drift som oftast sauehald.

Vi vil slik sett sterkt rå i frå at søknaden vert komen i møte.

No er det slik at Alver kommune, landbruk ikkje kan sjå bort frå vedtaket av 16.10.2018 som dispenserte frå LNF-føremålet. Dette legg, slik vi oppfattar saka og trass i det ovanforståande, føringar på at ein frådeling i dette tilfellet må kunne godkjennast.

Vi tykker dette er særst uheldig for bruket, men vil òg peike på at slike vedtak fort kan skape presedens i liknande saker. Administrasjonen på landbruk kjenner seg slik sett «bondefanga» i høve kva ein skal konkludere med her.

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG